

Halvårsrapport
pr. 30.06.2017

HALVÅRSRAPPORT PR. 30.06.2017

Revisjon

Luster Sparebank sitt halvårsrekneskap er ikkje revidert.

Resultat

Banken har pr. første halvår 2017 oppnådd ein rentenetto på 27,6 mill. kr. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,67 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen 26,7 mill. kr og i prosent av gfk 1,72 %. Rentenetto i kr. har auka med i 0,9 mill. kr siste året. Årsaka til dette er først og fremst volumauke på utlånsida. Samstundes har utlån sin andel av totalbalansen gått ned samanlikna med same tidspunkt i fjor. Innskot har auka meir enn utlån. Ein har plassert overskotslikviditet i rentefond. Avkastning på rentefond er klassifisert som utbytte og er ikkje ein del av rentenettoen. Rentenetto i prosent har difor gått ned med 0,05 %. Luster Sparebank har også plassert likviditetsporteføljen i rentefond. Avkastning på rentefond blir i rekneskapet klassifisert som utbytte. Dette bør ein vere klar over ved samanlikning av rentenetto i Luster Sparebank med rentenetto i andre bankar.

Sum driftskostnader har auka med kr 0,9 mill. i forhold første halvår 2016. Det er personalkostnader som har auka. Årsaka er lønstilllegg og den nye finansskatten som blir klassifisert som ein personalkostnad.

Driftsresultat før tap og skatt er på 18,9 mill. kroner som er kr 0,1 mill. dårlegare enn på same tidspunkt i fjor.

Tap på utlån og garantiar er berekna til kr 2,5 mill. Første halvår 2016 vart tap berekna til kr 0,79 mill. Etter skatt blir resultat for perioden kr 12,3 mill. mot kr 13,7 mill. på same tidspunkt i fjor.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.06.2017 var på kr 3.422,9 mill. Veksten siste året er på kr 263,1 mill. (8,3 %). Forretningskapital som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.06.2017 på kr 3.995,2 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 313,5 mill. eller 8,5 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 2.680,8 mill. Veksten siste året er på kr 150,6 mill. eller 5,9 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.06.2017 overført kr 572,3 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 521,9 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste året auka med kr 201 mill. eller 6,6 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.06.17 var fordelt med 25,4 % på næring og 74,6 % på personmarknad og offentlig sektor.

Innskot frå kundar er bokført med kr 2.473,5 mill. Veksten siste året er på kr 125,4 mill. eller 5,34 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 175 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har utestående obligasjonar for kr 319,6 mill. Låneavtalane har restløpetid på mellom 1 måned og 4 år. Banken si innskotsdekning er 92,3 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 35,6 mill. kr. pr. 30.06.2017. Dette er ein nedgang på kr 9,3 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auka med 1,5 mill. kr siste år. Nedskrivning på grupper har auka og nedskrivning på enkeltengasjement har gått ned samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Luster Sparebanken har ein nøktern risikoprofil i sin kredittgiving og andre plasseringar. Banken har i denne perioden ikkje endra denne profilen

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Ved utgangen av første halvår 2017 er banken sin kapitaldekning berekna til å vere på 19,81 % som er 0,37 % betre enn på same tidspunkt som i fjor. Banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital.

Perioderesultat så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapet ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.06.2017 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 20,46 %

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank sitt resultatrekneskap er godt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS er for dei første 6 månadane av 2017 på 0,66 %. Ein ligg under målsetnaden for utlånsvekst. Utanom dette er utviklinga tilfredsstillande.

Gaupne, 11.08.2017

I styret for Luster Sparebank



Bjarne Venjum
styreleiar


Anette Stegegjerdet Norberg


Ove Nyland


Inge Teigen


Randi Kristin Bugge


Oddstein Haugen
banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	30.06.17	30.06.16	2. kvartal 2017	2. kvartal 2016	31.12.16
Renteinntekter og liknande inntekter	44.459	42.882	22.206	21.469	86.201
Rentekostnader og liknande kostnader	16.865	16.218	8.546	7.871	30.690
Netto rente og provisjonsinntekter	27.594	26.664	13.660	13.598	55.511
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	5.029	4.999	4.618	4.139	7.744
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	5.433	5.640	2.660	2.621	12.721
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-602	-820	-241	-401	-1.636
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	239	283	100	497	130
Andre driftsinntekter	629	609	317	303	1.235
Netto andre driftsinntekter	10.728	10.711	7.454	7.159	20.194
Personalkostnader	9.637	8.591	4.741	4.139	16.817
Administrasjonskostnader	6.192	6.278	3.319	3.237	12.378
Ordinære avskrivningar	1.299	1.300	650	650	2.302
Andre driftskostnader	2.269	2.191	1.148	1.113	3.661
Sum driftskostnader	19.397	18.360	9.858	9.139	35.158
Driftsresultat før tap og skatt	18.925	19.015	11.256	11.618	40.547
Tap på utlån, garantiar m.v.	2.537	790	1.170	332	2.229
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0	0	0	0	0
Resultat av ordinær drift før skatt	16.388	18.225	10.086	11.286	38.318
Skatt på ordinær resultat	4.097	4.556	2.521	2.821	8.619
Resultat av ordinær etter skatt	12.291	13.669	7.565	8.465	29.699

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.06.17	30.06.16	31.12.16
Kontantar og fordringar på Norges Bank	49.121	63.756	47.616
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	231.427	167.381	141.477
- Utlån til og fordringar på kundar	2.680.758	2.530.201	2.715.131
- nedskrivingar på individuelle utlån	-6.334	-8.828	-5.405
- Nedskrivingar på grupper av utlån	-17.400	-13.400	-17.600
Sum netto utlån til og fordringar på kundar	2.657.024	2.507.973	2.692.126
Sertifikater, obligasjonar og andre rentebærande verdipapir	0	12.787	12.800
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	445.087	368.686	310.778
Utsett skattefordel	5.351	5.843	4.943
Varige driftsmidlar	5.704	7.099	7.199
Andre eigendeler	696	0	18.837
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter	28.501	26.241	6.170
SUM EIGENDELER	3.422.911	3.159.766	3.241.946

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	175.000	185.000	175.000
Innskot frå og gjeld til kundar	2.473.525	2.348.138	2.380.398
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	319.626	199.502	249.594
Anna gjeld	10.067	13.473	14.808
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter	19.705	15.694	9.450
Avsetning for påløpte kostnader og forpliktingar	13.036	11.327	13.035
Sum gjeld	3.010.959	2.773.134	2.842.285
Sparebankens fond	382.761	357.863	382.761
Gåvefond	16.900	15.100	16.900
Udisponert overskot	12.291	13.669	0
Sum eigenkapital	411.952	386.632	399.661
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	3.422.911	3.159.766	3.241.946

Garantiansvar	33.346	30.091	29.501
Pantsetjingar	15.000	15.000	50.331
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	572.311	521.903	515.190
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.332.429	3.112.424	3.157.456

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)

	30.06.17	30.06.16	31.12.16
Renteinntekter og liknande inntekter	2,69 %	2,77 %	2,73 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,02 %	1,05 %	0,97 %
Netto rente og provisjonsinntekter	1,67 %	1,72 %	1,76 %
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,30 %	0,32 %	0,25 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,33 %	0,36 %	0,40 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,05 %	-0,05 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	0,01 %	0,02 %	0,00 %
Andre driftsinntekter	0,04 %	0,04 %	0,04 %
Netto andre driftsinntekter	0,65 %	0,69 %	0,64 %
Personalkostnader	0,58 %	0,56 %	0,53 %
Administrasjonskostnader	0,37 %	0,41 %	0,39 %
Ordinære avskrivningar	0,08 %	0,08 %	0,07 %
Andre driftskostnader	0,14 %	0,14 %	0,12 %
Sum driftskostnader	1,17 %	1,19 %	1,11 %
Driftsresultat før tap og skatt	1,15 %	1,23 %	1,28 %
Tap på utlån, garantiar m.v.	0,15 %	0,05 %	0,07 %
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Resultat av ordinær drift før skatt	0,99 %	1,18 %	1,21 %
Skatt på ordinær resultat	0,25 %	0,29 %	0,27 %
Resultat av ordinær etter skatt	0,74 %	0,88 %	0,94 %

TAP, TAPSNEDSKRIVINGAR OG MISLEGHALD

(tal i heile 1.000)

	30.06.17	30.06.16	31.12.16
Tap på utlån og garantiar			
Endring individuelle nedskrivningar inkludert amortisering	1.186	1.050	-1.931
Endring i nedskrivning på grupper av lån	-200	-400	3.800
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	368	203	477
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	1.235	29	31
Inngang på tidligare konstaterte tap	-52	-92	-148
Tap på utlån og garantiar i perioden	2.537	790	2.229
Misleghaldne utlån			
Brutto misleghaldne utlån over 90 dagar	32.062	37.576	18.955
- individuelle tapsnedskrivningar	-5.289	-6.897	-4.249
Netto misleghaldne utlån	26.773	30.679	14.706
Tapsutsette utlån			
Brutto tapsutsette utlån	3.576	7.318	7.222
- individuelle tapsnedskrivningar	-1.045	-1.931	-1.156
Netto tapsutsette utlån	2.531	5.387	6.066

ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

(tal i heile 1.000)

	30.06.17	30.06.16	31.12.16
Sparebankenes fond	382.761	357.863	382.761
Gåvefond	16.900	15.100	16.900
-Fradrag	-23.757	-16.435	-18.864
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	375.904	356.528	380.797
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Stater og sentralbanker	0	0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	17.329	17.434	17.610
Offentleg eigde foretak	2.836	0	9.082
Institusjoner	45.215	34.150	29.050
Foretak	103.348	109.167	103.637
Engasjementer med pantesikkerhet i eiendom	1.369.911	1.302.129	1.350.124
Forfalte engasjementer	37.488	42.673	26.613
Obligasjoner med fortrinnsrett	6.869	281	5.022
Andeler i verdipapirfond	48.805	89.174	42.047
Egenkapitalposisjoner	77.583	64.030	73.150
Øvrige engasjementer	55.198	48.503	54.273
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.764.582	1.707.541	1.710.608
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko	132.834	126.904	132.834
Sum berekningsgrunnlag	1.897.416	1.834.445	1.843.442

Kapitaldekning

Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag	19,81 %	19,44 %	20,66 %
Krav til kapital			
Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag	151.793	146.756	147.475
Ansvarleg kapital	375.904	356.528	380.797
Overskot av ansvarleg kapital	224.111	209.772	233.322
Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav	224.111	209.772	233.322
Bufferkrav			
Bevaringsbuffer 2,5 %	47.435	45.861	46.086
Systemrisikobuffer 3 %	56.922	55.033	55.303
Motsyklisk buffer 1,5 % frå 30.06.2016, 1 % før dette tidspunkt	28.461	18.344	27.652
Sum bufferkrav	132.819	119.239	129.041
Overskot rein kjernekapital	91.292	90.533	104.281

LIKVIDITET

	30.06.17	30.06.16	31.12.16
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	193,0 %	157,0 %	128,0 %